

Høringsuttaler til forvaltningsplanen pr. 05.01.2015

Namn	Kommune	Verneområde	Innspel
Privatpersonar			
Ole Morten Heggland	Bygland	SVR	Grunneigarar bør få ope løyve for snøskuter. Følgjeskuter må tillatast. Areal for driftehytter bør settast til 75m ² . Bør opnast for løyve til bygg for næringsutvikling
Rune Nedrehagen	Sirdal	Alle områda	Retting av feil namnbruk og forslag til litteratur. Ønskjer meir oppsyn i høve til ulovleg motorferdsle. Sterkare fokus på skjøtsel og fiskeressursane i planen. Planen er for positiv til naturbasert reiseliv og slike formuleringar bør fjernast.
Harry Vike	Sirdal	SVR	Ønskjer ikkje oppkjørt skiløype Grydalen-Børsteinen
Sigbjørn Ege		SVR	Legge turistløypa nord-sør nærare Rosskreppfjorden. Etablere ein periode utan sauesanking i villreinjakta (3-19.9)
Arve Aarhus	Suldal	Alle områda	Ønskjer sterkare fokus på Heibergkulturen
Thomas Gleditsch	Bygland	SVR	Ønskjer fleirårige dispensasjonar til helikoptertransport. Opne for persontransport med helikopter til eigedommar som ligg særleg langt frå veg. Alternativ at terskelen for nødvendig transport er lågare i områder langt frå veg
Finn Harald Husberg	Sirdal	SVR	Hyttgrunneigarar med ervervede rettar og leigekjørerar må handsamast likt. Vinterstenginga av vegen Sirekrok-Lysebotn bør skje ved grensa til verneområde og ikkje ved Sirekrok. Soneinndelinga for SVR bør vidareførast.
Eva Hessen	Sirdal	SVR	Ønskjer permanent løyve til bruk av motorbåt på Sira. Vinterstenginga av vegen Sirekrok-Lysebotn bør skje ved grensa til verneområde og ikkje ved Sirekrok. Det er for få leigekjørerar som kan frakte proviant og ved til hyttene i Grydalen
Jan Ove Pytten	Bygland	SVR	Ønskjer å kunne hente felt villrein med helikopter frå delane av eigedomen som ligg lengst inne i heia. For langt å bære til vatna som ligg inne i verneføreskrifta. Utleige av jakt er viktig, men vanskeleg å få til utan bruk av helikopter.
Torjus B Berg	Valle	SVR	Ønskjer ikkje at det opnast for persontransport til jakt og fiske. Ønskjer at det kan hentast felt villrein med helikopter frå Kolsvatn og Nutevatn. Meiner at 8 snøskuterturar i året er meir enn nok. Ønskjer at nedfalne stølshus og høybuer kan byggast opp att. Ønskjer ikkje at det opnast for bruk av helikopter til jakt og fiske. Ønskjer ikkje at følgjeskuter skal tillatast.
Åmli og Berg Sameige	Valle	SVR	Innleiingsvis må planen si at den og skal legge til rette for grunneigarane sin bruk. Det må kunne gjevast løyve til helikoptertransport i samband med organisert fiske i Låghellevatn, Kolsvatn og

(Eivind Berg)			Nutevatn. Ved henting av felt villrein bør landing med helikopter skje der viltet ligg. Kolsvatn og Nutevatn bør omfattast av ordninga. Standard snøskuterløyve bør utvidast til 16 turar i året. Grunneigarar bør kunne få helikopterløyve i samband med jakt og fiske. Det bør ikkje være ei målsetting at proviant skal bærast inn og utbytte skal bærast ut. Forbod mot helikoptertransport i villreinjakta vil virke mot si hensikt og gje meir transport på andre tidspunkt. Setninga: "Den andre skuterføraren må og ha løyve til å kjøre snøskuter i verneområda" bør takast ut frå punktet om felleskjøring.
Odd Kjos-Hanssen	Suldal	Kvanndalen, Holmavassåno, Dyraheio	Viktig at det presiserast av verneverdiane har førerang framfor ulike aktivitetar og tiltak. Meir presis bruk av omgrepa tiltak og aktivitet. Grunneigar si vurdering må takas inn i handsaming av søknadar for å sikre tilstrekkeleg opplysning av saka jfr forvaltningslova og naturmangfaldslova. Grunneigar sitt samtykke må ligge ved søknadar om motorferdsel. Grunneigar må få tilsendt aktuelle vedtak jfr forvaltningslova. Talet på beitedyr i høgjellet bør ikkje aukast. Det bør ryddast i inndelinga og omtalen av ulike bygningstypar. Hyttebygging utanfor vernegrensa som har verknadar for verneverdiane må omtalast i planen. Ferdsla i Kvanndalen bør ikkje auke av omsyn til villreinen. Gjev konkrete opplysningar om Kvanndalen og Holmavassåno som bør inn i planen. Holmavassåno har nådd si tålegrense for forstyrning av villreinen – dette gjeld både ferdsle på anleggsveg og turløyper og denne ferdsla bør reduserast. Presset på verneområdet aukar ytterlegare gjennom at hytter som byggast utanfor grensa har tilkomst gjennom verneområdet. SVR må gripe fatt i dette. DNT Sør har merka tursti i område noko som er eit brot på vernereglane. Temakarta i høringsutkastet er feil mhp sommar og vinterløyper – dette må rettast opp. Utvidinga av Dyraheio har ikkje komme med på kart over verneområde. Vilkår i SVR sitt løyve til Kristiansand RKH bør det påleggast kontakt med SNO for å avklare gode tidspunkt for ferdsle av omsyn til villreinen. Har konkrete innspel til formuleringa av forvaltningsmål som presiserar at verneverdiane må prioriterast høgare enn ulike aktivitetar knytt til ferdsle og turisme.
Odd Kvinen	Sirdal	Alle områda	Savner større vilje og evne til å skape og legge til rette for næringsaktivitetar i verneområda. SVR bør ha større kompetanse innan reiseliv og næringsutvikling. Reiseliv bør få eit eige avsnitt i planen. Kultur og kulturminne er alt for lite omtala i planen. Mange kulturminne knytt til Heiberg epoken må takast vare på. Aktørane innanfor naturbasert reiseliv og liknande må få være med i prosessar og utforming av rammevilkår. Slike aktørar må og få tilgang på eksklusive ressursar og særrettar om det skal være grunnlag for å drive næring. Næringsaktivitet i verneområda må tilpassast og gjerne sertifiserast. Dialog mellom næringsutøvarar
Roy Dirdal	Gjesdal	Frafjordheiane	Ønskjer at verneområdegrensa aust for Brådland flyttast opp over tregrense

Arve Aarhus	Suldal	Alle områda	<p>Aktørar som driv næring basert på natur og kulturverdiane skal behandlast etter særreglar eller unntaksregler i planen. Teksten må sikre tett dialog mellom aktørane og forvaltninga og sikre at desse kan tillatast meir og at aktiviteten styrast slik at verneverdiane ikkje blir truga. Dette kan skje etter mønster frå Svalbard andre døme på fastlandet. Dette er ikkje omtalt i høringsutkastet og må komme på plass og konkretiserast i den endelege planen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere faste møtepunkt mellom aktørar og SVR - Slik næring er sterkt ønskjeleg og kan gis løyve til drift i soner med restriksjonar - Aktørar kan etter tett dialog få løyve til motorferdsle det elles ikkje opnast for - Planen må ha ein klar definisjon av slik næring <p>Næring basert natur og kultur er viktig for lokal verdiskaping og må omtalast i planen som eige punkt og ikkje under friluftsliv. Det må framhevast at slik aktivitet vil være naturfagleg forankra og ikkje vil være i konflikt med verneføremålet. Derfor vil slik næring kunne tillatast meir aktivitet i sårbare område og sårbare tider enn kva som kan tillatast for uorganisert aktivitet. Det same gjeld for motorisert ferdslle som til dømes ferdslle på stengte anleggsvegar, ferdslle med motorbåt på vatn, landing med helikopter og sjøfly – og til persontransport.</p> <p>Næringsaktørar utan tilknytning til landbruket bør få same vilkår som landbruksnæringa.</p> <p>Næringsaktørar bør ha særfordelar i høve til fritidsaktivitetar. Teksten i planen må utformast slik at den ikkje stenger for framtidig aktivitet innanfor natur og kulturbasert næringsutvikling.</p>
Bedrifter			
Energihotellet	Suldal	Dyraheio	Ønskjer merka løype frå Jonstøl til Snønuten
Regulantar i Setesdal	Setesdal	SVR	Våre viktigste synspunkter er tatt til følge, og etter vår vurdering gir planen føringer som gjør at vi kan drifte våre anlegg på en forsvarlig måte.
Lyse Produksjon A/S	Forsand Gjesdal Sirdal	Frafjordheiane	Generelt positive til planen. Det må komme klart fram i planen at lovpålagte krav til tryggleik, tilsyn, drift og vedlikehald etter vassdragsreguleringsloven, vassressursloven og energiloven må kunne gjennomførast. Ønskjer årlege dialogmøte. Må komme fram i planen at kraftprodusentane er representert i fagleg rådgjevande utval.
Statkraft	Suldal	SVR	Forslag til mindre endringar i tekst
Organisasjonar			
Roverenes beredskapsgr.	Sirdal	Alle områda	Ønskjer at setning i kap. 2.4.3 blir tatt ut (bruk av lokale retningslinjer i vurdering av søknadar om kjentmannsturar)
Sandnes RKH	Sirdal	Alle områda	Ønskjer at setning i kap. 2.4.3 blir tatt ut (bruk av lokale retningslinjer i vurdering av søknadar om kjentmannsturar)
DNT Sør	Agder	SVR	Meiner planen er for restriktiv i høve til nye turisthytter. Meiner at dagens friluftslivsbruk ikkje

			<p>utgjær noko stort trugsmål mot villreinstamma og verneverdiane, men at trugsmåla er store inngrep i samband med kraftutbygging og vegar. Meiner det er behov for fleire og trygge P-plassar langs Brokke-Suleskardvegen, særleg om våren når det ligg snø. Melder om eit behov for oppgradering av hytter og løypenett i samband med sin hytte- og løypestrategi. Positiv til å drøfte omlegging av løyper og kanalisering utanom sårbare område. Ønskjer eit godt samarbeid med SVR om informasjon og tilrettelegging.</p>
NJFF Aust Agder		SVR Steinbuskardet	<p>Tydelegare forbod mot kraftutbygging og vindkraft. Meir fokus på ferdsel og villrein i Steinbuskardet og Store Urar, samt konfliktar mellom villrein og sau. Ønskjer ein tydelegare informasjonsstrategi for allmenta</p>
Flekkefjord turistforening	Kvinesdal	SVR	Ønskjer ny turisthytte ved Kyrevatn nær Knaberøysa
Stavanger turistforening		Alle områda	<p>STF ønskjer ein fast plass i Fagleg rådgjevande utval. STF sin verksemd bør tydelegare inn i den historiske beskrivinga. Omtalen av forstyrring av villrein bør nyanserast – store hytteområde genererar meir trafikk enn turistferdsla mange stader. Dei rutene med størst trafikk ligg nær store hytteområde – dette bør presiserast. Villreinstamma har og ein verdi i høve til opplevingar. Det bør være enklare for turistforeiningar og andre som legg til rette for ålmenta å få løyve til anlegg og tilrettelegging, enn for aktørar med smalare brukargrupper. Kommersielle aktørar bør oppfordrast til å bruke turistforeiningane sin anlegg framfor å bygge nye. Det bør presiserast at talet på sau i eit område bør regulerast ut frå eventuelle negative konsekvensar for villreinstamma. Vil det skal være tydeleg kven som er ansvarleg for motorferdsle og tiltak i verneområda. Når det er dårlege tilhøve for bruk av snøskuter må helikoptertransport kunne nyttast i staden. Støtter ein restriktiv halding til barmarkskjøring. Positiv til at leigekjøringsordninga vidareførast. Positive til særordningane for Kjeragområdet. Det må likevel takast høgde for at den sterkt aukande ferdsla kan skape behov for sterkare tilrettelegging og regulering av ferdsla. Ønskjer at planen formulerast slik at ei hytte på ruta Flørli-Kjerag ikkje heilt utelukkast. Det settast allereie mange boreboltar på Kjerag. Det bør ikkje leggest opp til at alle får løyve til nye boltar, men at nokon står der permanent (med ettersynsprogram). Må være god dialog med involverte partar. Setninga om kvisting av vinterløypa Ådneram-Børsteinen-Sandvatn bør omformulerast eller takast ut.</p>
Knaben Vel	Kvinesdal	SVR	<p>Sommarløypa Knaben-Ljosland må inn i temakarta. Ønskjer å lage rundløype av skiløypa Knaben-Knaberøysa. Ønskjer å kunne kjøre skiløype til Kvina Gruver. Ønskjer at det skal kunne byggast ei turisthytte ved Knabrøysa.</p>
Utviklingsselskap			
Setesdal		Alle områda	Generelt positive til innhald og struktur. Ønskjer sterkare fokus på næringsutvikling og reiseliv, og

regionråd			kva ein ønskjer i framtida. Nydyrking bør kunne tillatast for å hindre attgroing. Opne for bygg i samband med utmarksnæring. Avklare tilhøvet til forvaltningsplanen for fisk. Sterkare fokus på besøksforvaltning. Etterlyser styret sine overordna mål for synleggjøre verneområdet nasjonalt.
Brokke A/S	Valle	SVR	Vil ha fleire parkeringsmoglegheiter langs Brokke-Suleskardvegen, mellom anna ved Håhelleren og stien inn til Bossbu. Utviding av sesongen på Brokke-Suleskardvegen til 1 desember.
Knaben Utvikling	Kvinesdal	SVR	Sommarløypa Knaben-Ljosland må inn i temakarta. Ønskjer å lage rundløype av skiløypa Knaben-Knaberøysa. Ønskjer å kunne kjøre skiløype til Kvina Gruver. Ønskjer at det skal kunne byggast ei turisthytte ved Knabrøysa.
Innovasjon Kvinesdal	Kvinesdal	SVR	Ønskjer at sommarløypa Knaben-Ljosland må inn i temakarta. Ønskjer at det skal kunne byggast ei turisthytte ved Knabrøysa.
Kommunar			
Hjelmeland kommune	Hjelmeland	Vormedalsheia Lusaheia	<u>Generelt</u> : Positive til planen. Vil ha meir vekt på at dei to verneområda skil seg frå dei andre med meir fokus på landskap og mindre på villrein. <u>Vormedalsheia</u> : Aktiv utvikling av Ritlandskrateret som attraksjon. Vidareføring av aktivt landbruk. Kartfesting av aktuelle hytteområde <u>Lusaheia</u> : Lovnaden om bygging av hytter i kongl.res. må vidareførast
Kvinesdal kommune	Kvinesdal	SVR	Støtter hovudpunkta i planen i høve til motorferdsle og bygg. Ønskjer fleire merka og kvista løyper i områda rundt Knaben. Kommunen er positive til ei ny turisthytte ved Knaberøysa dersom grunneigarane er positive. Hovudpunkta i eksisterande forvaltningsplan for fisk bør innarbeidast i planen
Bygland kommune	Bygland	SVR	Overvakning av villreinstamma inn som prioritert tiltak. Punktet om storleik på eigedom og gangavstand bør ut av retningslinjene for bygg. Det må gå klart fram at det må søkast kommunane om løyve for henting av villrein frå dei vatna som er nemnte i føreskrifta for SVR. Større fokus på fisk i planen – hovudpunkt frå forvaltningsplanen for fisk må innarbeidast. Større fokus og konkrete tiltak for ivaretaking og skjøtsel av kulturlandskap må på plass. Det bør bli lettare å få løyve til tiltak som er positive for ivaretaking av kulturlandskap knytt til landbruket.
Gjesdal kommune	Gjesdal	Frafjordheiane	Ønskjer ein overordna strategi, kartleggingar og konkrete tiltak for å møte attgroingsproblematikken. Ønskjer ei kartlegging av tilstanden til verneverdige botaniske lokalitetar i området Mån-Månastølen. Stølshus, driftehytter og sankebuer bør slås saman og få ei arealgrense på 50m ² .
Valle kommune	Valle	SVR	Generelt positive til planen. Ønskjer at det skal godtakast meir helikoptertransport av utstyr og

			proviant – da dette gjev mindre belastning på villreinen enn bakketransport. Vil ha fleire parkeringsmoglegheiter langs Brokke-Suleskardvegen, mellom anna ved Håhelleren og stien inn til Bossbu. Utviding av sesongen på Brokke-Suleskardvegen til 1 desember. Det bør gjevast løyve til oppkjøring av langrennsløype etter Brokke-Suleskardvegen inn til Kvislevatn.
Bykle kommune	Bykle	SVR	Generelt positive til planen. Bygningar bør være 50m ² , og båthus må kunne settast opp. Må være mogleg å bruke helikopter til henting av vilt og fisk i samband med næringsutvikling. Forvaltningsplan for fisk må integrerast i planen. Område A i Steinbuskardet-Hisdal må stoppe ved Gyvassfossen. Hovden-Sloaros som fast maskinpreparert skiløype. Eit informasjonssenter må leggest til Hovden.
Åseral kommune	Åseral	SVR	Kunnskap om ferdsle og samfunnsforhold er svært viktig i forvaltninga av villreinområda. Erfaringar frå Dovrefjellsområdet bør trekkast inn i planen og nyttast i samband med tiltak. Viktig at det kan søkast om oppkjøring av skiløyper. Slike løyper må omtalast og kart festast i planen. Kommunale sti- og løypeplanar må kunne handtere område både utanfor og innanfor verneområda. Planen må gå meir i djupna på aktivitetar knytt til naturbasert reiseliv og gå mykje lenger i å avklare kva for handlingsrom som ligg i verneføreskrifta – til dømes om det kan opnast for bygg og motorferdsle for slika aktivitetar. Om ein ønskjer slike tiltak kan det være betre å gå vegen om å endre verneføreskrifta. Planen har mykje fokus på byggesakar og dette speglar ikkje verneføreskrifta si restriktive haldning til nye byggetiltak. Det er ein viss fare for at planen sender feil signal om kva tiltak det kan gjevast løyve til. Planen er omfattande og bør innkortast/forenklast. Ulovleg snøskutertrafikk må inn som eit trugsmål mot verneverdiane. Vilårsrevisjonane for kraftkonsesjonar bør få større omtale. Positive til landingsplassar for henting av felt villrein, men den praktiske nytta verkar å være liten.
Sirdal kommune	Sirdal	SVR	Generelt positive til planen. Støtter arealgrense på 50m ² for bygg og samordninga med Heiplanen. Positive til at gjeldande regler for Grydalen vidareførast. Inga innvendingar mot bortfallet av soneinndelinga
Suldal kommune	Suldal	Dyraheio	Støtter innhaldet i planen, inga større merknadar.
Hægebostad kommune	Hægebostad	SVR	Støtter arealgrense på 50m ² og harmoniseringa med Heiplanen. Støtter ordninga med fireårige helikopterløyve til henting av felt storvilt. Snøskuterløyve på åtte turar pr år er for lite for nokre grunneigarar – ein må derfor være fleksibel på dette punktet når det er dokumentert behov for fleire turar. Trur ikkje bortfallet av soneinndeling vil få store konsekvensar i praksis. Viktig at det leggest opp til ei fleksibel ordning med henting av sjuke og skadde husdyr.
Forsand kommune	Forsand	Frafjordheiane, SVR	Positive til retningslinjene for bygg. Ønskjer eit sterkt fokus på motorferdsle og villrein. Ønskjer eit informasjonsopplegg for publikum i verneområda og ved inngangane til verneområda. Ønskjar meir

			fokus på attgroing og moglegheiter for auka beiting og skjøtselstiltak. Meinar at motorferdsle ved Kjerag ikkje medfører ulempe for villreinen som ikkje brukar område. Positive til eit nytt tidsvindauge for helikopter bruk ved kjerag. Ei ordning med ei kvote på eit helikopterløyve kvar veke kunne vore eit alternativ.
Aust Agder fylkeskommune	Aust Agder	Alle områda	Støtter fjerning av soneinndeling av SVR. Planen er godt koordinert med Heiplanen. Støtter arealgrense for bygg på 50m2. Støtter rommet for skjønnsutøving planen legg opp til. Støtter satsinga på informasjon og besøksforvaltning, men dette må betre fram i planen. Savnar sterkare fokus på verneområda som ressurs for bygde og næringsutvikling. Savnar tiltak retta mot rypeforvaltning, sportsfiske og næringsfiske. Savnar kartlegging av moglege trasear for sykling og riding. Planen bør innehalde tiltak som legg til rette for aktiv beitebruk i områder med tilgroing og lite konflikter med villreinen.
Rogaland fylkeskommune	Rogaland	Alle områda	Positive til at planen er godt koordinert med Heiplanen. Støtter arealgrense for bygg på 50m2. Støtter satsinga på informasjon og besøksforvaltning, men dette må betre fram i planen. Savnar sterkare fokus på verneområda som ressurs for bygde og næringsutvikling. Savnar tiltak retta mot rypeforvaltning, sportsfiske og næringsfiske. Savnar kartlegging av moglege trasear for sykling og riding. Savnar kartlegging av stølsområde og prioritering av kor ein skal satse på skjøtsel av kulturlandskap. Planen bør innehalde tiltak som legg til rette for aktiv beitebruk i områder med tilgroing og lite konflikter med villreinen.
Vest Agder fylkeskommune		Alle områda	Ønskjer at det opnas for ei ny turisthytte mellom Knabon og Lakkenstova. Støtter fjerning av soneinndeling av SVR. Planen er godt koordinert med Heiplanen. Støtter arealgrense for bygg på 50m2. Støtter rommet for skjønnsutøving planen legg opp til. Støtter satsinga på informasjon og besøksforvaltning, men dette må betre fram i planen. Savnar sterkare fokus på verneområda som ressurs for bygde og næringsutvikling. Savnar tiltak retta mot rypeforvaltning, sportsfiske og næringsfiske. Savnar kartlegging av moglege trasear for sykling og riding. Planen bør innehalde tiltak som legg til rette for aktiv beitebruk i områder med tilgroing og lite konflikter med villreinen.
Statlege etatar			
Agder politidistrikt	Agderfylka - Sirdal	SVR	Forslag til konkrete formuleringar i kapittelet om oppsyn
Statens Vegvesen		SVR	Ingen merknadar
Forsvaret		Alle områda	Feil dato på brev i fotnote 40. Her må det og visast til eit brev frå Forsvaret. Det må og komme fram at i verneområda der sivil motorferdsle kan finne stad utan søknad kan og Forsvaret kjøre utan å søke.
Villreinnemnda	Alle	Alle områda	Planen er omfattande og bør innkortas/forenklast. Ulovleg snøskutertrafikk må inn som eit

			<p>trugsmål mot verneverdiane. Planen må gå meir i djupna på aktivitetar knytt til naturbasert reiseliv og villreinnemnda vil bli involvert i dette arbeidet. Ein må sikre at slik aktivitet ikkje kjem i konflikt med villreinen sin bruk av områda. Støtter framlegget om område som skal få særleg merksemd i høve til konkrete tiltak, og meiner at dette haster. Konkret forslag til presisering av forvaltningsmål 1 som er knytt til villrein. Planen er mykje fokus på byggesakar og dette speglar ikkje verneføreskrifta si restriktive haldning til nye byggetiltak. Preparering av skiløyper kan ha kanalisierende verknad, men må ikkje skje i viktige vinterbeiteområde. I samband med revisjon av vasskraftkonsesjonar er det naudsynt å sjå heiområda under eitt.</p>
Fylkesmannen i Vest Agder		Alle områda	<p>Planen bør kortast ned. Kap. 1.4, 1.5 og 1.6 bør slås saman. Ikkje godt samsvar mellom overskrifter og innhald fleire stader. Ta med fleir opplysningar om villreinstamma. Tekniske inngrep bør nemnast under trugsmål mot landskapet. Det bør utarbeidast bevaringsmål for villrein, rype, kongeørn og stølsvoller. Ein må rette opp samanblanding av bruken av omgrepa forvaltningsmål, retningslinjer og bestemmingar. All omtale av bygningar og installasjonar bør samlast på ein stad. Det bør ikkje settast øvre arealgrenser for bygg, mange stader vil sjølv små utvidingar være i strid med verneføremålet. Omgrepet "konkret behov" bør klargjerast. Det må presiserast at eldre landbruksbygg ikkje kan få bruksendring til fritidshytte. "Bebygd areal" må brukast og høge bygg må unngås. Omtala av naust bør takast ut av planen. Forslaget om henting av felt villrein med helikopter bør takast ut av planen.</p>
Fylkesmannen i Rogaland		Alle områda	<p>Planen er omfattande og bør bli grundig redigert for å bli betre tilgjengeleg. Planen må ikkje skape urealistiske forventningar om løyve til byggetiltak og storleik på bygg. Det må presiserast at følgjene for verneføremålet gjer at søkarar ikkje kan rekne med å bygge opp til maksimal storleik. Dokumentasjonskrava i "Generelle reglar for byggesaker" må gjelde for alle landbruksbygg. Kapittel 2.4.5 bør ha ei meir kritisk vurdering av om samla motorferdsle i verneområda er nær ei kritisk grense. Særleg i sårbare delområde for villrein og rovfugl vil antatt auke i motorferdsle kunne bryte slike kritiske grenser. "Føre var prinsippet" må derfor vektast tungt i slike delområde. Dette må framhevast i planen og det same gjeld for behovet for målretta oppsyn og viltovervaking. Er usamde i det føreslegne ordninga med henting av felt villrein med helikopter frå namngjevne landingspunkt. Meinar prinsipielt at dette går utanfor ramma for forvaltningsplanen. Det er truleg ei ordning som er lite teneleg i praksis. Det bør leggjast opp til at det kan søkast om landing i område der det er klart dokumenterte behov uavhengig av namngjevne punkt. Og at vurdering av verneføremål, spesifikke vernereglar og naturmangfaldlova §§8-12 blik gjort i kvar einskilt sak. Ved søknadar om motorferdsle over annan grunneigar sitt areal bør verneområdestyret krevje</p>

			dokumentert samtykke frå grunneigar før handsaming.
--	--	--	---